

Reiser bort for planleggja ny skule**29.10.2011**

**Rosendal ungdomsskule, der det også er mange elevar
frå Uskedalen, blir ny og personalet der har trøng for
å sette seg ned og førebu den nye skulen. For å kunne gjera dette
under gode arbeidstilhøve, vil personalet reise vekk
torsdag og fredag i kommande veke, opplyser rektor Stein Elling Schille.**

Personalalet vil mellom anna nytte tid for å finna ut kva slags inventar dei treng. Difor vil dei møta leverandørane av skuleinventar som vise kva som finst i dag. Ein del av tida vil også bli nytta til skulering i digitale undervisningsopplegg.

Når det gjeld elevane har 10. steget arbeidsdag torsdag og 8. og 9. steget arbeidsdag fredag. 10. steget vert bedne om å skaffa seg arbeid mot betaling og pengane vert nytta til miljøtiltak for elevane samt skulen si hjelp til SOS barnebyer. Fredag skal dei arbeide med særskilte faglege oppgåver heime. Dei skal ikkje møte på skulen desse to dagane.

Det gjer heller ikkje dei to andre stega der elevane også skal skaffe seg arbeid mot betaling og pengane skal verte nytta på same måten som for det høgste steget. Dei to andre stega skal jobbe heime med særskilte faglege oppgåver på torsdagen.

Av Ola Matti Mathisen